

## Tabell 2-fk

### **Innbyggjartilskot til fylkeskommunane (kap. 572, post 60)**

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet fordelt mellom fylkeskommunane med eit likt beløp per innbyggjar (etter at tilskot som er gjeve ei særskild fordeling er trekte ut, jf. kolonne 9 i tabell C-fk). Deretter skjer det ei omfordeling mellom fylkeskommunane på grunn av utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular og overgangsordninga. Skatteutjamninga inngår òg i post 60, men er ikkje med i Grønt hefte fordi ho blir berekna etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Samla sum på post 60 for den enkelte fylkeskommune vil difor ikkje vere klar før i februar 2017. Utgiftsutjamninga, skatteutjamninga og overgangsordninga er reine omfordelingar mellom fylkeskommunane.

Innbyggjartilskotet, inkludert utgiftsutjamning og overgangsordninga, er basert på innbyggjartalet per 1. juli 2015. Skatteutjamninga blir basert på innbyggjartalet per 1. januar 2016.

### **Kolonne 1 – Innbyggjartilskot før omfordeling**

Kolonne 1 viser løyving på kap. 572 post 60 før omfordeling, etter at saker med særskild fordeling (tabell C-fk) er trekte frå. Løyvinga på kap. 572, post 60 er i underkant av 31,5 mrd. kroner. Av dette blir om lag 2,8 mrd. kroner gjeve med ei særskild fordeling. Innbyggjartilskotet er fordelt med eit likt beløp per innbyggjar til alle fylkeskommunane. For 2016 er innbyggjartilskotet før omfordeling 5 278 kroner per innbyggjar.

### **Kolonne 2 – Utgiftsutjamning**

Kolonne 2 viser omfordelinga som følge av utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga er dokumentert nærare i tabell A-fk.

### **Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling**

Kolonne 3 viser fordelinga av fem saker med særskild fordeling i 2016. Fordelinga som kjem fram i kolonne 3 er dokumentert nærare i tabell C-fk.

### **Kolonne 4 – Overgangsordninga**

Kolonne 4 viser overgangsordninga, som erstattar tidlegare inntektsgarantiordning. Fylkeskommunar som får negativt utslag i fordelingsverknadene får att 3/5 av tapet i overgangsordninga, mens fylkeskommunar som vinn på fordelingsverknadene får redusert auken med 3/5 i overgangsordninga. Overgangsordninga er prisjustert til 2016 kroner. Sjå tabell B-fk for nærare dokumentasjon av overgangsordninga 2016.

### **Kolonne 5 - Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning og overgangsordning**

Kolonne 5 viser samla løyving på kap. 572, post 60 i 2016, i alt 31 475 mill. kroner. Kolonnen viser innbyggjartilskotet, medrekna utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for statlege og

private skular, saker med særskild fordeling og overgangsordninga. Kolonnen er summen av kolonnane 1 til 4. Kolonnen er òg vist i tabell 1-fk, kolonne 1.